

Meän juuret – våre røtter

Av Reidun Mellem

Ofte når eg ferdes i Nord-Troms-regionen, så møter eg folk som vil snakke om sine kvenske røtter – og dei etterlyser gjerne også større interesse for det kvenske i dagens samfunn, ikkje minst her i Nord-Troms. At statsmakta viser minimal interesse for kvenane si sak, det har dei registrert over lang tid. Storting og regjering godkjente riktignok kvenane som gammal minoritet i landet då dei i 1999 ratifiserte Europarådets rammekonvensjon til vern for nasjonale minoriteter, og etter press fra Europarådets Ekspertkomite godkjente dei i vår også at kvensk er eit eige språk – og ikkje bare ein finsk dialekt – som dei meinte før. Men å følge opp desse vedtaka med konkrete tiltak og tilhørande økonomi – det har det blitt sørgelig lite av.

Organisasjonen Norske Kveners Forbund, som blei stifta i 1987, arbeider stadig med dette og fleire andre viktige saker, men møter heller lita forståing i maktborgen nede i hovudstaden. Lat oss håpe at denne langvarige motbøren eingong vil snu seg til medvind og framgang for saka vår.

Men i mellomtida må vi nok sjøl sørge for å ta vare på det som er vår kvenske arv – og som utvilsomt utgjør ein viktig del av Nord-Troms-historia. Både dei norske, dei samiske og dei kvenske røttene må ha sin plass når vår historie skal fortelles. Her er det virkelig snakk om "3 stammars møte"- alle like viktige for framtida. Her vil eg spesielt sjå på den kvenske arven. Vi har nok av både ord og namn som vitnar om det kvenske

tilfanget i samfunnet vårt, og her tar eg då fram enkelte slike.

Kvenske stadnamn

Fjordane i nordfylket har alle hatt sine kvenske namn: Kvænangen- Naavuono, Kåfjord- Kaivuono, Nordreisa- Raisi, Lyngen- Ykeä, Storfjord- Isovuono, i eldre tider også kalt Pellikan-vuono etter den den gongen så kjente Mikkil kven. Storfjord er naturleg nok det området eg kjenner best, så herifra tar eg med noen fleire kvenske namn. Liknande namn fins naturlegvis i alle dalar og fjordar her i det gamle Ruija, ikkje minst i Skibotn og Nordreisa.

Skibotn heitte før Ykeänpeerä /Lyngsbotn. Oppe i dalen finn vi Pyhähauta/Hellighaugen – som no heiter Helligskogen. Her stod det i eldre tider ein liten lund med høge, rankvokste furutre, som nok syntes å vere litt spesielle. Derfor dette namnet. Lenger innover fjorden finn vi den gode fiskeplassen Salmen mellom Salmeneset og Rovaneset. Salmi betyr sund. Rova betyr noe sånt som "naken ås". Innerst i fjorden – der Kittdalselva renn ut – heiter det Pekkajorma, visstnok ein stor kulp i nærheita av brua. Dette er to finske mannsnamn, men ho Eira Söderholm ved Universitetet i Tromsø sier at dette godt kan bety Pekka sin fiskeplass.

Litt utover på vestsida kjem vi til Akkenes. Akka betyr kjerring på kvensk, men det kan også komme

av det samiske ordet akko, som betyr bestemor. Lenger utover har vi Rossjekenta og Riitakenta. Kenta betyr voll – det samme som det samiske geddi. Så har vi bygda Elvevoll – med mange namn: Skogspeildalen kan det stå på gamle kart, Stallovanka – samisk Stallovaggi – er også blitt brukt, og dessutan Bøladalen. Bøla var ein farlig figur som vi måtte rekne med i min barndom. Han skulle vere fæl til å sanke med seg barn som var ute og leikte og ståka etter at det var blitt mørkt om kvelden. Ordet kjem fra det finske "pölätykset"- som betyr noe i retning av kjempe eller troll. Og nede ved elveosen heiter det framleis Koskat. Det var der vi rodde over når vi på varme sommardagar skulle til badeplassen på den andre sida.

Kvensk tradisjon på personnamn

Før i tida så var det ikkje så stor variasjon i val av personnamn. Derfor kunne det bli nokså mange Hans`ar og Peder`ar og Nils`ar i samme bygd. Då var det viktig å kunne skjelle mellom dei forskjellige personane, og det greidde dei lett med å lage tilnamn: Hans kunne bli Hanka, Henrik både Heikka og Hentot, Peder blei Pekka – og oldefar min, som heitte Lars Jakob etter sin forfader Jaako som kom fra Kittilä, han fikk heite Lasjakka, og slekta hans blei lenge kalt for Lasjakka-folket. Enno så seint som sist i 1990-åra møtte eg det hos ei eldre dame fra Ullsfjord: "Åja, du er av Lasjakka-folket", sa ho. Trivelig, syntes eg – det var så lenge sidan eg hadde hørt det sist. Elles så hadde dei både Isko-Aksel, Galle-Karel og Bikkolindo. Sistnemnte fikk namn etter noe han ofte brukte å seie: "*Mie syön juuri kun pikkulinto*". (Eg et akkurat som ein liten fugl.) Han meinte vel då å fortelle at han var billig i kosten.

Kvinnenamna kunne om mulig vere enno meir spesifiserte. Her kunne det vere mange som heitte f. eks. Anna, Marie, Marianne. Dette ordna dei lett og greitt med å ta i bruk etternamnet også – som førsteledd:

Bruvoll- Marie, Gelgesj-Anna, Gelgesj-Marta.
Hovasj-Marianna, Heiskel-Ane, Letto-Nelle, Aho-Maia, Geitstein- Maia

Eller dei tok i bruk fornarnet til ektemannen:

Isak-Anna, gift med Isak Letto
Petter-Marianna, gift med Petter Heiskel
Aksel-Manda, gift med Aksel Aho
Hans-Anton-Marianna, gift med Hans A. Heiskel.

I allefall den første måten å namngi kvinner på, kan enno vere i bruk i Finland. Eira Søderholm, som er fra Åbo og som underviser i finsk og kvensk på Universitetet i Tromsø, ho presenterer seg av og til som Søderholm-Eira, så røttene til Finland er klare her.

Gløtt fra arbeidslivet

Kvenane sine forfedrar var i hovudsak jordbrukarar, og dei kom då også hit med ein del betre metodar som snart blei tatt i bruk: grøfting av vassholdig jord, bruk av hest og plog, bruk av husdyrgjødsel for betre avling. Og den no så kjente Lyngs-hesten kom samme vegen. Det var viktig å berge flest mulig dyr over vinteren, så derfor lærte dei seg å drøye foret med lauvknipper, skavbork, daugras og tang. Slåtteteigar oppe i dalane var vanlig. Oppe i Elvevoll-dalen, bakom Øvervatnet, har dei dreve med fjellslått i mange generasjonar, heilt fram til ca 1950. Då innsåg dei vel at det var altfor strevsomt – både slåttarbeidet om sommaren og nedkjøringa av høylassa om vinteren.

Og så hadde dei ein god metode for å halde museplagen borte fra høystålet i fjøset og fra høystakene oppe i fjellet. Det var gjerne kona på gården som tok seg av dette – å dele ut ein neve av årets avling i kvar krå i fjøslaet før innkjøring av tørrhøyet tok til, sam-tidig som ei gammal finsk regle om "*pikkubiiri*" (lille musa) blei sagt fram. Samme metode blei brukt oppe på fjellslåttene. Då skulle musa ikkje kunne gjøre noen skade her. Ein av naboane våre, som også hadde høystake oppe i dalen, fortalte dette eingong i min barndom:

Dei hadde som vanlig sørge for musehøy i staken, men då dei om vinteren kom opp for hente høyllass, så såg dei mange musespor rundt høylageret. Så hadde musa likevel prøvd å ta av det høyet som ho ikkje hadde lov til å røre. Men det skulle ho ikkje ha gjort. "*Då eg såg på sporane, så såg eg at dem hadde skjette blod*", sa han. Så det var tydelig at den gamle regla hadde virka, meinte han.

Metoden med å gi kyrne "*varm lunsj*" var også ein kvensk skikk. Det har blitt gjort i Finland, men då helst med å slå varmt vatn over det som var samla i stampene. Her hos oss var skikken den at man hadde grue og ei stor gryte i fjøsrommet, og kvar dag – unntatt om søndagane – varma dei opp "*løyping*" til kyrne: vatn iblanda bosshøy, kanskje litt skavbork, småpotet, potetskrell og andre restar etter middagslagginga – og så litt mel på toppen. Dette blei fordelt i stampar og halt inn i båsane til melkekyrne, og det var ingen tvil om at denne serveringa blei godt likt.

Så må eg nemne dette med vask og atter vask – som også er ein kvensk skikk. Bading og vasking skulle gå sin gang, sjølv om det ofte kunne vere ganske lang

veg for å hente vatn. Og etter bruk måtte så vatnet beres ut igjen. Barna fikk sin omgang i badebaljen gjerne like før leggetid, mens foreldra tok sin runde etter at barna hadde lagt seg. Klesvasken blei også gjort både grundig og vel – plagga fikk sin omgang med vaskebrett og såpe i klesvaskarstampen. Kvittkleda, sengetøy og anna, blei kokt på komfyren i ein stor kasserolle eller i ein kleskokar. Så var det å drage vasken ned til elva for skylling, hogge eit stort nok hol i elveisen og riste plagga eitt for eitt i det kalde vatnet. Ganske hustrig, må eg seie. Men det verste var etterpå å prøve å få dei hengt opp på snorene – stivfrosne som dei var. Då var det viktig å ha gode kleskliper. I sommarhalvåret foregikk klesvasken helst nede ved elva – med stamp og vaskebrett, grue og kleskokar – og med ungane til å passe på varmen under gryta. Ganske så trivelig, i grunnen. Golvmattene skulle også vere reine. Til denne vaskinga brukte dei gjerne ein vid trestamp med ei solid og brei fjøl over. Her fikk så mattene sin omgang med varmt vatn, stiv-skrubb og grønnsåpe. Etterpå grundig skylling i elva.

Så var det vasking av både hus og fjøs. Rundvask av stue og kjøkken til jul og om våren. Dei andre romma i huset fikk sin omgang i den lyse årstida. Då foregikk også rundskuringa av fjøset – når buskapen var flytta opp til sommarfjøset. Då blei det varma vatn i den store fjøsgryta, og så gikk dei i gang. Taket blei gjerne vaska med grønnsåpe eller heimkokt såpe – kokt i hop av feitt og talg etter slaktinga – men på veggar og golv brukte dei skuresand. Og gjett om det var reint etterpå! Her kunne dagens mattilsyn gjerne ha kommen på inspeksjon!

Eit lite gløtt inn i kultur- og samfunnsliv må få vere

med til slutt. Her var forsamlingsmiljøet veldig viktig på bygdene. I forsamlingane – eller lesnad som vi sa på Elvevoll - møttes folk kvar søndag, så sant vegen ikkje var så altfor lang. Søndagsforsamlinga flytta fra hus til hus heile fjorden innover. Alle som ville, kunne få eit slikt møte i heimen sin. Reisepredikantane som kom ved juletider, hadde ikkje tid til å følgje heile denne ruta, men alle bygder blei besøkt. I min barndom leste dei enno fra den finske postillen etter kaffepausen midt på dagen. Eg minnes godt han Hans Peder Hansen fra Sandøra, klangfullt og vakkert var det å høre på når han leste på finsk, sjøl om vi ungane ikkje forstod så mye akkurat her. Tidligere hadde det også vore vanlig å synge salmar på finsk. Sjøl lærte eg ein vakker finsk salme av ho mor, og då var eg bare 5-6 år. Det var *"Armon lapset kaikki täällä"* (Alle her er nådens barn) – som heldigvis synges i området her igjen, i allefall av enkelte kor.

Få hadde radio i min barndom, fjernsynet var enno ikkje kommen, men vi hadde stor og spennande underhaldning i det dei voksne kunne fortelje – om forfedrane si vandring fra Finland, om draugen i havet, om huldra i skogen, om bøla og om gjenferd og skrømt. Bestefar min, han Lars Johan Larsen fra Elvevoll, var ein meister til å fortelje, og så lo han så inderlig godt av sine eigne forteljingar. Vi ungane blei naturlegvis litt redde for å nærme oss slike skumle plassar som f. eks. Kjempesteinen oppe i Elvevoll-dalen - særlig når vi i mørke augustkveldar måtte ut for å leite kyr, men jamen var det spennande også.

Og igjen vil eg understreke mangfoldet i fjordane våre, i folket som bor her, kor 3-stammars møte har sett sine spor både i genane våre og i dialekten vår. I

enkelte bygder låg hovudvekta på det kvenske – i andre bygder var det det samiske som rådde grunnen. Dessverre så var det slik at storsamfunnet, serleg etter 1850, ville ha vekk både samisk og kvensk språk, og deires metode var å presse inn norsk språk gjennom skolen, og elles framstille både språka våre og levemåten vår som noe mindreverdig som man skulle skynde seg å bli kvitt. Det var til stor skade for folket her oppe, som slik blei påtvungen ei mindreverdskjensle i forhold til norsk språk og levevis. Men slikt trur vi ikkje lenger på. Vi veit at forfedrane våre var spesielt dyktige arbeidsfolk, sjøllært i alle slags hand-



*Vinkkagården/Toumainengården i Vardø.
Finsk innvandrergård/Del av Vadsø Museum.
Foto: Arvid Sveen*

verk, og at dei greidde å skape ei framtid for seg og sine ved hjelp av havet og eit lite gårdsbruk. Ikkje kven som helst hadde greidd å gjøre dei det etter - under såpass vanskelige forhold når det gjeld både jordsmonn, klima, ver og vind - serleg i vintersesongen på både land og hav. Våre folk greidde det - og i tillegg greidde dei å skape den framgangen som har ført til at vi kunne få betre kår og lettare dagar enn det dei hadde. Ja, vi har all grunn til å ta vel vare på våre røtter.

Reisetjenesten ved postekspedisjonen under og etter krigen

Av Karl Isaksen

Etter som jeg har en eldre bror som begynte å arbeide i Posten allerede under krigen, fikk også jeg en del kjennskap til postarbeidet. For en tenåring var det på den tida ikke så store fritidssysler, og dessuten var det vanlig at yngre hjalp de eldre med enklere gjøremål. Sekkestativet var ikke oppfunnet, og da kunne det være greit å ha en som holdt sekken når nedpakking foregikk, enten det var på land eller om bord før båten gikk.

Behovet for faglærte postfolk var stort, siden det hadde vært skralt med rekruttering i tida like før krigen. Man satset på vikarer enten det var på land eller sjø, for på den tida var også postarbeidet populært blant unge menn. Nazimyndighetene skrev ut en god del unge menn til arbeidstjeneste for tyskerne. Men hadde du arbeid i Staten, var du fritatt for tvangsutskrivning.

Opplæringa, enten det var på et postkontor ombord

eller på land, skjedde ved å arbeide. Var du usikker på noe - så spør, det var ordren fra den mer erfarne. I Troms fylke kaltes postekspedisjonen Senja - Tromsø og den hadde som ytterpunkter Narvik og Seglvik i Kvænangen.

Den gang var det meget få bussruter som var postførende, så det blei lokalbåten som knyttet by og land sammen. Troms Fylkes Dampskipselskap klarte seg



1940: På dampskipsskai i Skibotn når lokalbåten anløper. Foto: Ukjent (Nord-Troms museum)